



Emnerapport H2020:

GEO131 Mat, miljø og berekraftig utvikling

1. Informasjon om emnet

| | |
|---------------------------|--|
| Emnebeskrivelse | https://www.uib.no/emne/GEO131 |
| Undervisningssemester | Høst 2020 |
| Emneansvarleg | Ragnhild Overå |
| Vurderingsform | Vurderingsform er endra frå 5 timar skuleeksamen til 8 timars heimeeksamen hausten 2020 som del av tiltak for å hindre spreieing av koronaviruset. |
| Undervisningsform | Forelesingar og seminar |
| Obligatoriske arbeidskrav | Godkjent skriftleg essay, ca. 4 sider |

2. Statistikk


| | |
|-----------------------|----|
| Eksamensmeldt | 88 |
| Bestått | 74 |
| Ikke møtt | 13 |
| Gyldig fravær | 1 |
| Stryk | 0 |
| Gjennomsnittskarakter | C |

Karakterfordeling

Vurderingsordninger m / karakterfordeling

Karakterfordeling

| Vurd.enhet | Ordning | Antall studenter | A | B | C | D | E | F | Andre |
|---------------|-----------------|------------------|---|----|----|----|---|---|-------|
| 2020 HØST ORD | H Hjemmeeksamen | 88 | 6 | 25 | 35 | 8 | 0 | 0 | 0 |
| | | % | 8 | 34 | 47 | 11 | 0 | 0 | 0 |
| | | % | 8 | 34 | 47 | 11 | 0 | 0 | 0 |



3. Egneevaluering

Vurdering av undervisningsopplegget i forhold til mål og resultater (emneansvarlig)

Det har vore eit vanskeleg semester for både studentar og førelesarar på grunn av korona. Nokre førelesingar var i Store auditorium med opptak i Videonotat. Andre var på Zoom med opptak, og i nokre tilfelle førte tekniske problem til at det vart umogleg å legg ut opptaka. Det har elles vore eit svært aktivt og positivt studentkull i haust, som har kome med mange gode faglege spørsmål undervegs, både i auditoriet og på Zoom.

Det var til saman 12 førelesingar (5 inkl oppsummering v/ emneansvarleg, 2 gjesteførelesingar (Trygve Berg frå Noragric og Anna Milford frå NIBIO) og dei restarande 5 førelesingar ved IG stabsmedlemer).

Eit krav for å gå opp til eksamen var bestått semesteroppgåve. Oppgåva som gjekk på å presentere og diskutere miljø/utviklings diskurs og narrativ, vart tilgjengeleg tidleg medan innleveringa var 22. oktober (fire veker før eksamen). Dei tre seminarane var lagt opp tre veker på rad i månadsskiftet september/oktober. Dette var ikkje det som var planen, men opplegget vart tilpassa andre emne sine aktivitetar og seminarleiar sin timeplan.

Eksamen vart lagt om frå 5 timars skuleeksamen til 8 timars skuleeksamen på grunn av korona. Dette gjorde at oppgåveformatet måtte gjerast om. I staden for ein første del med omgrepsforklaringar og så ein andre del med langsvarsoppgåve, vart det på heimeeksamen lagt opp til å skrive to diskusjonsoppgåver og ein måtte i oppgåvesvaret definere og bruke minimum tre av fem oppgitte omgrep. Dette fungerte ganske bra, men sidan det var heimeeksamen med tilgang på internett og pensum kunne 'alle' svare nokonlunde bra, så det vart mykje B og C. Det var mange gode oppgåvesvar, og det er mogleg at heimeeksamensformatet med tilgang til kjelder var ein god læreprosess i seg sjølv, men vi vil truleg gå tilbake til skuleeksamensformatet neste år for å får vurdert den sjølvstendige kunnskapen. Den obligatoriske oppgåva gjer allereie godt høve til å over på fordjuping og skriveteknikk.

Eksamenssvara reflekterte i stor grad at læringsmåla for emnet var oppnådde.


4. Studentevaluering:

22 svar.


#1 Jeg tar emnet som del av:


Bachelorprogram I geografi: 12

Andre studieprogram: 10



#2 I hvor stor grad har du deltatt i undervisningen?



#3 Hvordan vurderer du disse sidene ved undervisningen?**#4 Har du kommentarer til forelesningene?**

Åpne kommentarfelt er slettet i denne visningen.

#5 Har du kommentarer til seminarene?

Åpne kommentarfelt er slettet i denne visningen.


#6 Har du kommentarer til den obligatoriske oppgaven?

Åpne kommentarfelt er slettet i denne visningen.

#7 Har du kommentarer til litteraturen? Hvilke bøker/artikler fikk du mye/lite ut av?

Åpne kommentarfelt er slettet i denne visningen.


#8 Hvordan opplever du at innholdet i kurset gjenspeiler læringsutbytte som er definert i emnebeskrivelsen? <http://www.uib.no/emne/GEO131>



#9 Did you find that the information at Mitt UiB, including announcements, was sufficient to keep you updated during the course?

- Ja: 20
- Nei: 2

#10 Hva er din samlet vurdering av emnet?



#11 Har du komemntarer din samlet vurdering av emnet?

Åpne kommentarfelt er slettet i denne visningen.

#12 Har du forslag til forbedring av emnet?

Åpne kommentarfelt er slettet i denne visningen.

5. Oppfølging

Oppfølging av/kommentarer til tidligere evalueringer. Hvordan rapporten følges opp, evt. tiltak eller endringer som er gjort/planlegges gjennomført på bakgrunn av emnerapporten

Det var mange nyttige innspel i studentevalueringa, nokre kan ein ikkje gjere så mykje med, andre kan ein absolutt prøve å bruke til forbedringar. Desse innspela kombinert med emneansvarleg sine vurdeingar munnar ut i desse tiltaka:

Seminara: Vi vil halde fram med å ha tre seminar (kan evt. vurdere å auke til totalt fire seminar). Desse bør starte tidlegare enn i år og spreia litt meir utover i tid. Minst eitt seminar bør ta føre seg oppgåveskrivinga, men i hovudsak bør seminara ta føre seg pensum, sentrale omgrep, og bestå av faglege diskusjonar, gjerne i mindre grupper.

Oppgåva: Oppgåveteksten er allereie ganske detaljert, så behovet for forklaring på korleis oppgåva kan skrivast er det best å ta opp på seminar. Svært mange av studentane skreiv svært gode oppgåver i år. Grundinge tilbakemeldingar frå seminarleiar er viktig for nytteverdien. Oppgåveskrivinga er lærerik og vil halde fram som eit obligatorisk krav for å kunne gå opp til eksamen. Derimot vil vi ha ein tidlegare innleveringsfrist slik at studentane kan få tilbakemelding og godkjenning i god tid før eksamen.

Både når det gjeld seminar, oppgåveinnlevering og eksamen kan dei emneansvarlege for GEO113, 125 og 131 samordne timingen enno betre.

Pensum: Det vil bli gjort ei revidering av pensum. Politisk økologi-boka vil vi behalde, men vi vil prøve å finne ei erstatning for boka Food and development. Det har vore eit mål heile vegen å vinne ei bok (helst på norsk) som dekkjer eit globalt fokus på matproduksjon og matsikkerheit, men ei slik bok med passeleg lengde og nivå er vanskeleg å finne. Det er mogleg å finne kortare relevante artiklar og artiklar på norsk, dersom vi ikkje finn den ideelle boka.

Førelesingar: Førelesingsformatet har ikkje vore særleg interaktivt, og enno midre i år enn andre år. Det er som alltid eit mål å gjere dette betre. Vi vil halde fram med å invitere relevante gjesteførelesarar. Oppsummeringsførelesinga er vanlegvis meir interaktiv enn den vart i år på Zoom. Den kan gjerne i større grad ha eit ope format der studentane sjølv tek opp omgrep og tema som dei meiner treng meir utdjuing før eksamen.

Førelesarane på emnet vil i løpet av våren 2021 ha eit møte for å diskutere pensumrevisjon og innhaldet på førelesingane. Den raude tråden i kurset, som er å sjå berekraftig matproduksjon og naturressursforvaltning i samanheng og i eit globalt perspektiv, blir klargjort fleire gonger i løpet av emnet, men kommunikasjon mellom førelesarane kan styrke dette. Å i større grad å trekke linjene mellom globale og norsk/skandinavisk kontekst er også eit mål, og kan gjere relevansen av tematikkane meir tydeleg for studentane.

